



Arkitekt Mette Kyed Thorson
Kvalen 16
5955 LINDÅS

Referansar:
Dykkar:
Vår: 14/7579 - 15/32597

Saksbehandlar:
Margit Rimeslåtten
Margit.Rimeslatten@lindas.kommune.no

Dato:
05.11.2015

Løyve til igangsetting for tiltak - gbnr 151/3 Seim

Administrativt vedtak. Saknr: 459/15

Tiltakshavar: Marianne Feste og Jan Otto Pletten
Ansvarleg søkjar: Arkitekt Mette Kyed Thorson
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf. § 21-2 femte ledd.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av oppføring av tilbygg, inkludert dobbelt garasje. Bruksareal (BRA) er ca. 62 m² og bygd areal (BYA) ca. 91 m². Søknaden omfattar også terrengmur.

Kommunen har i vedtak av 26.08.2015 gjeve rammeløyve til tiltaket. Det vert elles vist til søknad motteken 13.10.2015, supplert 31.10.2015 og 02.11.2015.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den vart motteken. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar på telefon 27.10.2015.

Dokumentasjon vart motteke ved brev frå ansvarleg søkjar 31.10.2015 og 02.11.2015.

Ansvarleg søkjar og andre involverte føretak må registrere avvika i sitt internkontrollsystem og treffe tiltak for å unngå gjentaking.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 02.11.2015. Frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1 første ledd bokstav b er tre veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.



VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Svein Litleskare Maskinstasjon AS**, org.nr. 998121663, har søkt ansvarsrett for ansvarsområda **prosjekterande (PRO) for grunn- og terrengarbeid og utførande (UTF) for grunn- og terrengarbeid.**

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekkjer ansvarsområdet PRO for grunn- og terrengarbeid. Føretaket har i sak 14/4792 fått godkjent lokal ansvarsrett for ansvarsområdet PRO for riving av garasje og planering av terreng. Kommunen legg til grunn at det ligg føre naudsynt kompetanse i høve tiltaket og gjev lokalgodkjenning for PRO.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet UTF.

Føretaket **H. Sandvik AS**, org.nr. 989482920, har søkt ansvarsrett for ansvarsområda **prosjekterande (PRO) for betongarbeid og utførande (UTF) for betongarbeid.**

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområda.

Føretaket **Langenes Bygg A/S**, org.nr. 979523947, har søkt ansvarsrett for ansvarsområda **prosjekterande (PRO) for bygningar og installasjonar (inkludert våtrom) og utførande (UTF) for tømrararbeid.**

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområda.

Føretaket **Lindås Rør & Sanitær AS**, org.nr. 935347920, har søkt ansvarsrett for ansvarsområda **prosjekterande (PRO) for sanitæranlegg med røropplegg og utvendig anlegg og utførande (UTF) for sanitæranlegg med røropplegg og utvendig anlegg .**

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområda.

Føretaket **Murmester Asbjørn Toft AS**, org.nr. 987105305, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **(UTF) for våtrom.**

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a vert det gjeve løyve til igangsetting for oppføring av tilbygg, garasje og støttemur på følgjande vilkår:

- Rammeløyve av 26.08.2015 med vilkår gjeld for tiltaket.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. §§ 23-4 (SØK), 23-5 (PRO) og 23-6 (UTF) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
PRO	Svein Litleskare Maskin AS	998121663	L	1	Grunn- og terrengarbeid
	H. Sandvik AS	989482920	S	1	Betongarbeid
	Langenes Bygg A/S	979523947	S	1	Prosjektering av bygningar og installasjonar, inklusiv våtrom
	Lindås Rør og Sanitær AS	935347920	S	1	Sanitæranlegg med røropplegg og utvendig anlegg
UTF	Svein Litleskare Maskinstasjon AS	998121663	S	1	Grunn- og terrengarbeid
	H. Sandvik AS	989482920			Betongarbeid
	Langenes Bygg A/S	979523947	S	1	Tømrerarbeid
	Lindås Rør og Sanitær AS	935347920	S	1	Sanitæranlegg med røropplegg og utvendig anlegg
	Murmester Asbjørn Toft AS	987105305	S	1	Våtrom

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er ein føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27 bokstav b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnummer: 14/7579

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1 andre ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- *Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.*

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.8	Delt sakshandsaming	1	2.900,-
10.2.9	Godkjenning av ansvarsrett	5	5.000,-
	Totalt gebyr å betala		7.900,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato, og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 sjette ledd.

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Margit Rimeslåttan
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Marianne Feste og Jan Otto Pletten Lurevegen 739 5912 SEIM